

Takkar for seg imorgon

31.08.2010



Oppslaget om kommuneveteranen frå Uskedalen i Grenda.

I morgen takkar uskedelingen Aud Isaksen Haugland for seg etter teneste i 43 år i kommunen.

Ho byrja der då ho var 19 år gamal og er den kommuneansatte som har lengst fartstid, skriv Grenda.

Aud starta som kontorassistent på økonomikontoret i det gamle kommunehuset og ved avgangen er ho økonomikonsulent.

Det har vore ei rivande utvikling. Då ho starta i kommunen i 1967 føregjekk all rekneskapsføring manuelt. Men etter kvart gjorde datamaskinane jobben enklare og meir effektiv.

Aud har også vore med om rasjonalisering og omlegging. Nedbemanninga har stort sett gått føre seg ved naturleg avgang og ompllassering. Mykje av jobben til Aud i dag går ut på internkontroll og oppfylgjing av rekneskap. Ho er glad for å ha hatt ein trygg arbeidsplass med gode kolleger. Stort sett har ho gledd seg til kvar einaste arbeidsdag.

På heimebane er ho aktiv i indremisjonen der ho for tida er kassserar. No ser ho fram til å bruka meir tid på huset og hagen.